



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Torsdag 13. februar 2020 kl. 1445-1545

Stad: Brakanes Hotel, Ulvik

Desse møtte: Johnny Vikne, Jan Asbjørn Utne, Hildegunn Espe, Synnøva Sæbø, Jarle Rasmussen

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

UFS 01/20: Uttale til krav om utvida fjellstyre

UFS 02/20: Val av representant til villreinutvalet

Johnny Vikne /s/

Jan Asbjørn Utne /s/

Hildegunn Espe /s/

Jarle Rasmussen /s/

Synnøva Sæbø /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Ullensvang kommune

Hardanger Folkeblad



UFS 01/20: Uttale til krav om utvida fjellstyre

Saksdokument:

- 01-20 Statskog – Vedrørende krav om utvidet fjellstyre
- 01-20 Krav om forsterka fjellstyre
- 01-20 Uttale frå Odda fjellstyre
- 01-20 Uttale frå Ullensvang fjellstyre

Saksutgreiing:

Statskog ber om ein uttale frå det «nye» Ullensvang fjellstyre om kravet om forsterka fjellstyra frå bygdene på Oksenhalvøya, Kvanndal og Lussand, sjå vedlegg «Vedrørende krav om utvidet fjellstyre for Ullensvang statsallmenning».

Vedlagt til saka er kravet om forsterka fjellstyre frå bygdene på Oksenhalvøya, samt uttalane som blei gjort av Ullensvang fjellstyre og Odda fjellstyre i 2019.

Ordlyden i fjellova § 6 fyrste stykket er som fylgjer: *«Ligg retten til allmenningsbruk til bygd eller grend i ein eller fleire andre kommunar enn den allmenningen ligg i, kan Kongen ta avgjerd om skiping av forsterka fjellstyre med representantar også frå den eller dei kommunane som berre har rett til allmenningsbruk.»*

Vidare står det i fjellova § 5 andre stykket: *«Før kongen tek avgjerd etter første stykket, skal fjellstyra og kommunestyra i dei kommunane det gjeld gjevast høve til å uttale seg. I avgjerda skal det fastsetjast kor mange medlemmer frå kvar kommune det skal vere i fellesstyret, og korleis det skal ordnast med val av leiar og nestleiar.»*

Fjellova § 5 tredje stykket: *«Fjellstyre etter paragrafen her kan ha fem eller sju medlemmer. Vert det valt meir enn fem, skal minst fire av medlemmene og varamedlemmene ha rett til allmenningsbruk i allmenningen som jordbrukarar.»*

Det går fram av § 6 at andre og tredje stykket i § 5 gjeld tilsvarande for § 6.

Fjellstyret er oppmoda om å vurdere saka og kome med uttale til Statskog.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.



Referat:

Saka blei diskutert. Diskusjonen enda med fyljande konklusjon:

Ullensvang fjellstyre tilrår at det ikkje blir oppretta eit forsterka fjellstyre. Fjellstyret viser til at allmenningsretten til grendene som ikkje lenger ligg i kommunen aldri har vore utfordra. Det blir vidare vist til at val av ordinært fjellstyre etter fjellova § 3 opnar for at personar som ikkje er busett i kommunen kan veljast inn i fjellstyret. Ullensvang fjellstyre er opne for å sjå på saka på nytt dersom allmenningsrettane til dei grendene som ikkje lenger ligg i kommunen ikkje blir ivareteke på ein god måte.

Samrøystes vedteke.

Vedtak (sak UFS 01/20):

Ullensvang fjellstyre tilrår at det ikkje blir oppretta eit forsterka fjellstyre. Fjellstyret viser til at allmenningsretten til grendene som ikkje lenger ligg i kommunen aldri har vore utfordra. Det blir vidare vist til at val av ordinært fjellstyre etter fjellova § 3 opnar for at personar som ikkje er busett i kommunen kan veljast inn i fjellstyret. Ullensvang fjellstyre er opne for å sjå på saka på nytt dersom allmenningsrettane til dei grendene som ikkje lenger ligg i kommunen ikkje blir ivareteke på ein god måte.

Samrøystes vedteke.



UFS 02/20: Val av representant til villreinutvalet

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Synnøva Sæbø kom med framlegg om at fjellstyret vel Jan Asbjørn Utne som medlem i villreinutvalet.

Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak UFS 02/20):

Ullensvang fjellstyre vel Jan Asbjørn Utne som medlem i Hardangervidda villreinutval.

Samrøystes vedteke.